



Sekreteriatet for kontrollutvalet
v/Einar Kåre Ulla

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:

Eva Moberg

E-post: eva.moberg@sfj.no

Tlf.: 90591452

Vår ref.

Sak nr.: 16/3263-15

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 28.03.2019

Rapport status for forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Kartlegging av kulturminne av regional verdi.

Viser til rapport med status for forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane, datert 14.05.18 og vedtak i sak 28/18 i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane.

Kontrollutvalet ber i vedtak 28/18 punkt 3 om status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen, for det som gjeld kartlegging av kulturminne av regional verdi, i løpet av første kvartal 2019.

I arbeidet med å utforme ei liste over regionalt viktige kulturminne, er det sendt ut brev til alle kommunane, til Musea i Sogn og Fjordane og til Fortidsminneforeninga for å få innspel og forslag til utvalet. Det er motteke innspel frå 12 kommunar.

Ut i frå innspela frå kommunane, gjennomgang av lokale kulturminneplaner og eigen kunnskap, er det til no plukka ut om lag 200 kulturminne som aktuelle for å verdivurderast som regionalt viktige.

I byrjing av mars vart det gjennomført eit møte med Musea i Sogn og Fjordane. Musea vil komme tilbake med ei liste over det dei meiner må prioriterast som regionalt viktige kulturminne. Det er planlagd tilsvarande møte med Fortidsminneforeininga.

Vidare er det laga eit sett verdikriterier for kulturminne av regional verdi. For kvart av dei utvalde kulturminna/ kulturmiljøa må det gjerast ei konkret verdivurdering og kulturminnet/kulturmiljøet må skildrast med omtale, bilet og kartfesting. Skjema for ei slik vurdering er utarbeidd og arbeidet med omtale og verdivurdering av kvart enkelt kulturminne er starta opp.

Det er også gjennomført eit møte med Hordaland fylkeskommune 28.03.19. Hordaland fylkeskommune arbeider også med kartlegging og verdivurdering av regionalt viktige kulturminne/kulturmiljø, og vi finn det tenleg med god informasjons- og kunnskapsutveksling i desse parallelle prosessane. Det er også naturleg å sjå arbeidet opp mot kunnskapsgrunnlag, statistikk og analyse i arbeidet med regional planstrategi for Vestland fylkeskommune.

Med helsing

Jan Heggeheim
Fylkesdirektør for næring og kultur

Eva Moberg
Fylkeskonservator

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar:

Einar Ulla, SEK

Kopi til:

Paal Fosdal, FRM

Ingebjørg Erikstad, NKA

Knut Åland, NKA

Besøksadresse:

Kultur: Storehagen 1B, Førde
Næring: Fylkeshuset, Leikanger

Postadresse:

Askedalen 2
6863 LEIKANGER

E-post:

post@sfj.no
Heimeside:
www.sfj.no

Telefon:

57638000

Bankgiro:

4212 02 02000

Org.nr :

NO 941 388 841 MVA